

Hilleren Prosjektering AS
Skulebakken 2-4
5355 KNARREVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/6093 - 21/56366

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
26.08.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 333/2 Sjurdal

Tiltak: riving av våningshus, oppføring av nytt og ny tilkomsveg
Byggjestad: Gbnr: 333/2
Tiltakshavar: Kjetil Brakstad
Ansvarleg søkjar: Hilleren Prosjektering AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedommen ligg i uregulert LNF-område og er ikkje registrert som gard i drift ifølgje kommune sine produksjonsliste innafor landbruk. Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå planføremaal KDP Meland når det gjeld oppføring av nytt bustad og veg i LNF-område.
2. Søknad om dispensasjon skal grunngjevast og nabovarlast.
3. Tiltaket ligg i omsynssone H_190_1 Rylandsvassdraget og vurderast av Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdeling som tiltak i sikringssona Rylandsvassdraget.
4. Det er ikkje opplyst kva type søknad er sendt inn, kommune vurderer at det er rammesøknad ut frå innsendt gjennomføringsplan og ansvarsrettar. Det er oppgjeve at nytt hus skal koplast til kommunalt vatn og avløp men det stemmer ikkje, kommune har ikkje kommunalt anlegg i nærleik av eigedommen. Det må gjerast utgreiing vedkomande vassløyning og utslepp.
5. Søknad om utslepp skal nabovarlast og sendast til miljø og tilsyn avdeling til handsaming.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 28.09.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjetil Brakstad

Bjørndalsvegen 344

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Hilleren Prosjektering AS

Skulebakken 2-4

5355

KNARREVIK